



Statens vegvesen
firmapost-vest@vegvesen.no

Ferjeruter Vangsnes-Hella-Dragsvik og Mannheller-Fodnes - høyringsvar

Sogn regionråd består av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Rådet drøfta saka i møtet 6.12.2013 og har følgjande høyringsvar:

Utvikling av veg- og samferdsletilbod er avgjerande for regional utvikling. Nord/sør og aust/vest-trafikken går utanom kommunane Vik og Balestrand. Sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik har i dag sjeldne og uregelmessige avgangar med inntil 80 minutt frekvens. Førreseielege avganger er viktig for næringsliv/transport, pendling, heilårsreiseliv og for innbyggjarane si deltaking i sosiale arrangement i regionen.

Eit betra ferjetilbod er avgjerande for at kommunane Vik og Balestrand skal bli sterkare kopla til arbeidsmarknaden og andre tilbod i nabokommunane. Sogndal og Leikanger har hatt arbeidsplassvekst, medan det har vore folketalsnedgang i Vik og Balestrand. For at kommunane skal kunne ta del i arbeidsplassveksten i nabokommunane og snu den negative folketalsutviklinga, er betring av veg- og samferdsletilbodet heilt avgjerande. Næringsliv og innbyggjarar må ha god infrastruktur og førreseielege ferjeruter med faste avgangar. Nattavgangar er avgjerande for vidare næringsutvikling i regionen.

Framlegget til rutetabell for treferjeløysing heile året frå Statens vegvesen for Hella-Vangsnes-Dragsvik vil tilretteleggja for næringsliv/transport, reiseliv og pendling og vil bidra til å styrka ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion.

Kommunane i Sogn regionråd har slutta seg til følgjande innspel til framlegg til rutetabellane:

- Sogn regionråd ber om at Statens vegvesen ikkje nyttar opsjon for å forlenga gjeldande kontrakt i eitt år. Ny kontraktsperiode må gjeld frå 1.1.2016.
- Sogn regionråd støttar framlegget til rutetabell frå Statens vegvesen for Hella-Vangsnes-Dragsvik med 30 minutt frekvens og nattferjer. Vi er samde i framlegget om ei treferjeløysing heile året der ferjene går i pendel.
- Sogn regionråd ber Statens vegvesen vurderer 20-minuttsavgangar frå kl 0700 på sambandet Mannheller-Fodnes.

Det vert elles vist til høyringsvara frå kommunane.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Ivar Kvalen
leiar i samferdslegruppa
(sign)